



Solhytten  
Welhavens vei 4  
4319 SANDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/4030 - 16/4883

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
24.02.2016

## Avslag på søknad om ferdigattest for brygge og tilbygg hytte gbnr 244/11

**Administrativt vedtak. Saknr: 117/16**

**Tiltakshavar:** Marina Isdal  
**Ansvarleg søkjar:** Solhytten AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10

### **Saksutgreiing:**

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om ferdigattest for tilbygg på hytte og reetablering av brygge på gbnr 244/11.

#### Planstatus

Eigedomen vert omfatta av kommuneplan for Lindås kommune vedtatt 22.09.11 Tiltaket er i strid med LNFR-føremål og med strandsone. Dispensasjon vart gjeve i sak 2006/1835 den 10.07.06.

#### Dispensasjonsvedtaket

Dispensasjon vart gjeve i sak 2006/1835 den 10.07.06.

Utdrag frå grunngjeving i dispensasjonsvedtak av 10.07.06:

«Ansvarleg søkjar har i brev, motteke 23.06.06, vidare skrive at det ikkje er laga veg fram til hytta og eigedomen er utan vegrett. Tilkomsten er via sjø. Det er derfor naudsynt å tilbakeføre ei eldre brygge på staden. Ansvarleg søkjar opplyser på telefon at brygga vert bygd opp med å leggja ein platting på ca 2,5x8m (målt på situasjonskart) på eit eksisterande naturleg fjellplatå ved sjøkanten. Ein ser tiltaket med dei siste endringane som ei god tilpassing på staden og at tiltaket blir mindre ruvande enn før i samband med PBL §74.2. Vidare vil brygga vert tilpassa dei naturlege tilhøva på staden. Det ligg til rette for at ein kan gje dispensasjon frå PBL §17-2.»



### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan og målsett teikning motteke 06.01.16.

### Vurdering

Vi viser til søknad om ferdigattest motteken 26.11.15 og tilleggsdokumentasjon motteke 06.01.16. Vedlagt dokumentasjon for ferdigattest syner at brygga er vesentleg større enn kva som opprinnelig er godkjent i vedtak av 07.12.11 og seinare stadfesta i igangsettingsløyve 2 av 15.05.13. Brygga var godkjent med eit flatemål på ca. 20m<sup>2</sup> meter. Vedlagt skisse syner ei flate på over 30m<sup>2</sup> og er difor over 50% større enn kva som opprinnelig var godkjent.

Avviket vurderes som vesentleg i forhold til kva som har vore godkjent og det må difor sendast inn søknad om endring.

Søknad om endring av gitt tillatelse omfattar:

1. Søknad om endring av gitt tillatelse for brygge. Same gjeld for tilbygg på hytte dersom det er gjort endringar, men det går ikkje fram av vedlagte teikningar om det er gjort endringar på hytte utover kva som var godkjent.
2. Ny søknad om dispensasjon, då oppført tiltak ikkje er i tråd med føringane som vart gjeve i dispensasjonsvedtak av 10.07.06. Det må då søkast om ny dispensasjon for;
  - a. Tiltak i LNF-område, jf. KPL § 5
  - b. Bruk og vern av sjø, jf. KPL § 6
  - c. 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, jf. plan- og bygningslova §1-8
3. Ny søknad om dispensasjon må òg nabovarslast.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21.10 vert det ikkje gjeve ferdigattest for tilbygg på hytte og reetablering av brygge då krava til å gje ferdigattest ikkje er oppfylt.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4030**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Marina Isdal

Johan Hjorts vei 43 5081

BERGEN

**Mottakarar:**

Solhytten

Welhavens vei 4 4319

SANDNES